

## Framleis postsovjetisk?

*Av Tore Nasset, professor i russisk språkvitenskap ved UiT Noregs Arktiske Universitet og gjesteforskar ved Princeton-universitetet*

Om ein vil halde fram med å bruke ordet «postsovjetisk» om Ukraina, lyt ein vere klar over at denne merkelappen dekkjer ein stadig mindre del av den ukrainske røynda.

Eit spørsmål som vi lingvistar aldri blir ferdige med, handlar om sambandet mellom språk og tanke. Er det tanken som formar dei språklege kategoriane, eller er det tvert imot orda vi bruker, som formar tanken? Som elles i livet ligg nok sanninga ein stad mellom desse ytterpunkta. Men det kan vere gode grunnar til å stoppe opp og tenkje etter om dei orda vi nyttar, tvingar oss inn i ufruktbare tankemønster.

Eit ord som blir mykje brukt om Ukraina, er adjektivet «postsovjetisk». Men er eigentleg dagens Ukraina postsovjetisk? Dette spørsmålet var tema for eit seminar ved Princeton-universitetet nyleg, der samfunnsforskarar frå USA og Ukraina deltok.

Når vi nyttar omgrepet «postsovjetisk», handlar det om den historiske arven Ukraina ber med seg frå tida fram til 1991, då Ukraina var ein del av Sovjetunionen. Slik historisk arv er ikkje identisk med fortidas praksis, men representerer ei tillemping av gamle tanke- og handlingsmønster til nye realitetar. Dermed er det ikkje enkelt å fastslå kva som er att av det gamle, og kor mykje som er nytt.

Som Princeton-professoren Mark Beissinger, som har skriva bok om arven frå kommunisttida i Russland og Aust-Europa, peika på, er det lett å finne spor etter sovjettida i Ukraina. Minna frå «holodomor», svoltkatastrofen på 1930-talet som var resultat av Stalins politikk, lever framleis, og det same gjer minna frå Den andre verdskrigen, Tsjernobyl-katastrofen og mange andre historiske hendingar frå sovjettida. Mykje av sovjetarkitekturen er framleis å sjå, og mange institusjonar, t.d. helsestellet, er framleis sterkt prega av sovjetsystemet.

Men samstundes har det skjedd mange endringar, og Ukraina har i løpet av tretti år kvitta seg med mykje av den sovjetiske ballasten. Viktige institusjonar som politi og forsvar har gjennomgått omfattande reformar. Ikkje minst endringane i forsvaret har gitt særskild god uttelling på slagmarka. Berre om lag halve folkesetnaden har i dag opplevd sovjettida, og ser ein på haldningane blant folk, har dei endra seg radikalt. Beissinger viste til ei undersøking frå år 2000 då 12 % av dei som ble spurte, svarte at dei først og fremst identifiserte seg som tidlegare borgarar av Sovjetunionen. Berre 41 % svarte at deira primære identitet var som borgarar av Ukraina. I ei tilsvarande undersøking frå 2022 var situasjonen heilt annleis. Berre ein prosent identifiserer seg no primært med Sovjetunionen, mens 85 % av dei spurte knyter sin primære identitet til den ukrainske staten. I dag ser det store fleirtalet av ukrainarane mot Europa og ønskjer eit demokratisk styresett.

Den ukrainske samfunnsforskaren Mykola Riabchuk, som for tida gjestar Princeton, poengterte at Ukraina ber med seg ein mangslungen historisk arv frå ulike periodar. Om Ukraina er postsovjetisk, så er landet også «posthabsburgsk» og «postlitausk», ettersom

store delar av dagens Ukraina har ei fortid i det Habsburgske keisardømet og det litauiske storfyrstedømet. Den postsovjetiske arven har to sider, peika Riabchuk på: det er både ein *ideologisk* arv frå sovjetkommunismen og ein *kolonialistisk* arv frå sovjetimperiet. Den ideologiske arven er det nok ikkje mykje att av i dag, men den kolonialistiske arven er framleis relevant. Den tyngste børa å bli kvitt, er å endre viktige samfunnsinstitusjonar, meinte Riabchuk.

Er det på tide å slutte å kalle Ukraina «postsovjetisk»? Om ein vel å bruke denne merkelappen, skal ein i alle fall vere klar over at den berre dekkjer ein del av den ukrainske røynda, og at denne delen er vorten mykje mindre den siste tida.

Men ordet «postsovjetisk» har vi framleis bruk for. Ein plass der denne merkelappen er midt i blinken, er det russiske regimet i Kreml. Russland blir leia av ein tidlegare KGB-offiser som har uttala at Sovjetunionens fall var den største geopolitiske katastrofen i det førre hundreåret. At dette ikkje er ein særleg innsiktsfull analyse av det 20. hundreåret, er ille nok. Verre er det at den postsovjetiske tenkjemåten til dei russiske leiarane har ført til krig, naud elende i det 21. hundreåret – lenge etter at Sovjetunionen hamna på historias skraphaug.